

Interpellasjon frå Meland Høgre til møte i Meland kommunestyre 29.03.2017:

Mobbinga i Meland-skulen må takast på alvor, tiltak **må** setjast inn

Elevundersøkinga viser at Meland har eit stort og alvorleg problem med mobbing i skulen. Dagbladet presenterte nylig ei oversikt over mobbing i alle kommunar i landet. Her kjem det fram at Meland er blant verstingkommunane i Hordaland. Berre to kommunar i Hordaland har eit større mobbeproblem i skulen enn Meland.

Elevundersøkinga viser at heile 11 prosent av elevane i Meland-skulen opplyser at dei opplever mobbing digitalt, frå medelelevar og/eller vaksne på skulen to til tre gangar i månaden eller oftare. 9 prosent av elevane i Meland-skulen fortel om mobbing frå medelevar på skulen dei siste månadane. Det må også nemnast at 2 prosent av elevane i Meland opplyser at dei har blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane.

Dette er nedslåande og heilt uakseptable tall. Bak kvart tall er det einskildelevar som opplever frykt og utsyngelek for å gå på skulen. Det er eit overordna mål er at ingen barn skal mobbast. Vi kan rett og slett ikkje ha eit anna mål enn at alle barn skal vere trygge på skulen – alltid. Meland Høgre meiner dette er noko alle som er opptatt av skulen må jobba for.

Meland Høgre har i ei tid vore uroa over signal vi har fått om mobbing på einskildskular. Dette har vi også tatt opp i møte med rådmann og ordførar 04.02.2016. No er det dokumentert at vi i Meland står ovanfor eit større og langt meir alvorleg mobbeproblem i skulen enn kva vi tidlegare har vore kjent med.

Opplæringslova krev at skular skal arbeide systematisk for å fremme helse, miljø og tryggleik for elevene. Hanne Melander ved Fylkesmannen i Hordaland si opplæringsavdeling seier til Dagbladet det handlar mykje om haldningar. Bortforklarinigar duger rett og slett ikkje, påpeikar ho. Eit godt skulemiljø er avhengig av haldningar og vilje i det vaksne personalet til korleis ein vil ha det og kva som må leggast vekt på for å hindra mobbing og utesetjing av elevar.

Meland Høgre har ei klår og tydeleg melding til kommunestyret som er skuleeigar; Mobbinga i Meland-skulen må takast på alvor og tiltak må setjast inn.

Difor vil Meland Høgre fremja følgjande framlegg til vedtak:

Meland kommunestyre er svært uroa over dei alvorlege funna om mobbing i Meland-skulen som kjem fram i Elevundersøkinga. Rådmannen blir beden leggje fram sak for Utval for levekår og kommunestyret med konkrete framlegg til tiltak for å hindra mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen.

Kommunestyret må få saka til handsaming seinast i møtet 14.06. 2017.

Frekhaug 22.03.2017

Med helsing
Meland Høgre

Thomas H. Wallem
Kommunestyrerepresentant/medlem ULK

Nils Marton Aadland
Gruppeleiar Meland Høgre